

# PLANUTVALET

## HOVUDUTSKRIFT

**Møtedato:** 19.11.2009

**Møtetid:**

Kl. 14:00 –

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Saknr.:**

087/09 - 099/09

Følgjande medl. møte	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Øystein Østervold	Frp
Jostein Blænes	”	Kurt Frank	”
Renate Møgster Klepsvik	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Julie Solbakken	H		
Jane Stangeland	Ap		
Christian Halstensen	Krf		

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	
Kjetil Østervold	Frp	
Morten Storebø	H	

<b>Møteleiar:</b>	Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møte:</b>	Rådmann Rolf Nøstdal, spesialrådgjevar Bjørn Wefring og Astrid N. Fagerbakke møte som sekretær
<b>Utlevert i møtet:</b>	
<b>Merknader:</b>	Ingen merknader
<b>Innkalling:</b>	Ingen merknader
<b>Diverse:</b>	

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad

Edvard Johs. Stangeland

Jostein Blænes

Leiar

Renate Møgster Klepsvik

Julie Solbakken

Jane Stangeland

Christian Halstensen

Øystein Østervold

Kurt Frank



## **087/09: GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE I PLANUTVALET 08.10.09**

### **Vedtak:**

Møteboka frå møte i planutvalet 08.10.2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

## **088/09: REFERATSAKER**

### **Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

## **089/09: GNR. 7 BNR. 0004 LUNDØY SØKNAD OM IGANGSETJING AV REGULERINGSPLANARBEID**

Handsaming i møtet:

Det vart lagt fram brev frå Audny Gjøsæter Hollund, datert 30.04.09, om tilsvar på nabovarsel for frådelling av fem hyttetomter på Lundøy.

### **Vedtak:**

Planutvalet godkjenner i medhald av plan og bygningslova § 12-8, oppstart for arbeid med forslag til reguleringsplan for gnr. 7, bnr. 004 på Lundøy. Forslagsstiller varsler berørte offentlege organer samt andre interesserte og registrerte grunneigare, festere og naboar til planområdet, om oppstarten. Likeeins kunngjøring i minst ei avis. Planforslaget skal utarbeidast av fagkunnige.

## **090/09: GNR. 18 BNR. 0047 STANGELAND. REGULERINGSPLAN - SØKNAD OM PLANENDRING**

### **Vedtak:**

Planutvalet godkjenner i medhald av plan og bygningslova §§ 12-14, 12-8, at det vert sett i gang arbeid med sikte på endring av reguleringsplanen for Stangeland, gnr. 18 på Stolmen. Endringa gjeld ei tomt merka H4 sett av til fritidsbustad som vert søkt endra til bustadføremål.

Søklar kunngjør oppstarten og varsler berørte mynde, registrerte grunneigare og festere samt naboar til planområdet.

## **091/09: GNR. 58 BNR. 0165 KOLBEINSVIK. SØKNAD OM REGULERINGSENDRING**

### **Vedtak:**

Planutvalet godkjenner i medhald av plan og bygningslova §§ 12-14, 12-8, oppstart med arbeid for endring av reguleringsplanen for Kolbeinsvik, gnr. 58, bnr. 165, byggefelt Stegen. Endringa gjeld utviding av planområdet og 3 nye bustadtomter. Søklar kunngjør oppstarten og varsler berørte mynde, registrerte grunneigare og festere samt naboar til planområdet.

## **092/09: GNR. 51 SØREIDE HYTTEFELT - SØKNAD OM PLANENDRING. PARKERING OG TILKOMST.**

Handsaming i møtet:

Det vart lagt fram i møte brev frå Terje Vevatne:

Brev datert 16.11.2009 vedk. søknad om endring av reguleringsbestemmelsane i reguleringsplan for deler av gnr. 51 Søreide.

E-post datert 18.11.2009 med tilleggskommentar til brev vedk. dispensasjonssøknad rev. av reguleringsbestemmelsane i Søreide hyttefelt.

Brev datert 16.11.2009, vedk. reguleringsplan for deler av gnr. 51 Søreide

Framlegg frå Helge Andre Njåstad:

”Planutvalet vurderer å gje mellombels dispensasjon fram til reguleringsplanen er godkjent. Dette vert sendt på høyring. Dispensasjon er forbeholdt at dei privatrettslege forhold vert ordna.”

Framlegg frå Jane Stangeland:

”Planutvalet godkjenner ikkje søknad om planendring, parkering og tilkomst.

Viser til allereie påbegynt reguleringsplan og oppmodar om at den blir fullført og lagt fram for godkjenning snarast.”

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og Jane Stangeland sitt framlegg:

Jane Stangeland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart deretter røysta over framlegg frå Helge Andre Njåstad som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Planutvalet godkjenner ikkje søknad om planendring, parkering og tilkomst.

Viser til allereie påbegynt reguleringsplan og oppmodar om at den blir fullført og lagt fram for godkjenning snarast.

Planutvalet vurderer å gje mellombels dispensasjon fram til reguleringsplanen er godkjent.

Dette vert sendt på høyring. Dispensasjon er forbeholdt at dei privatrettslege forhold vert ordna.

## **093/09: GNR. 43 BNR. 0013 EIDSBØEN. OPPSTART PLANARBEID FOR REGULERINGSPLAN MOTORCROSSBANE**

Handsaming i møtet:

Øystein Østervold stilt spørsmål om han er ugild i saka.

Planutvalet vedtok at han ikkje er ugild.

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan og bygningslova §§ 12-8, 12-9, at det vert sett i gang reguleringsarbeid for gnr. 43, bnr 013 Eidsbøen. Det er med krav om at det vert utarbeidd planprogram ettersom planen og tiltaket kan få vesentlege virkningar for miljø og samfunn.

Søklar kunngjør oppstart planarbeid og orienterer alle berørte partar, grunneigare og festere.

Planen skal utarbeidast av fagkunnige.

**094/09: GNR. 27 OG 29 SPISSØY. GODKJENNING AV ENDRING AV  
REGULERINGSPLAN FOR FRITIDSBUSTADER, NAUST M.M.**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-12, endring av reguleringsplanen for Spissøy, gnr. 27 og 29. Endringa gjeld ei ny tomt for fritidsbustad på tomt nr 22A.

**095/09: GNR. 25 P.A. BNR. 0010 KALVE. SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ REGULERT  
OMRÅDE**

**Vedtak:**

Planutvalet godkjenner i medhald av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 13-5, jf. forskrift om begrensning av forurensning kap.13, §§ f.o.m. 13-6 t.o.m. 13-18 søknad om utsleppsløyve motteke 17.04.09.

Utsleppsløyve blir gitt på følgjande vilkår:

- Løyve omfattar utslepp av sanitært avløpsvatn større enn 50 PE (personequivaler),
- Avløpsanlegget skal dimensjonert og utført slik at det svarer til bruken, dvs. i forhold til antal PE.
- Utsleppet skal reinsast via godkjente 4 m<sup>3</sup> slamavskiljar frå kvart bustadhus til felles utsleppsleidning avslutta i straumførande sjø på minimum 10 meter djupn under nedfjora sjø.
- Driftsavtale for drift og vedlikehald av anlegget skal etablerast. Avtala må inngåast med kvalifisert føretak, t.d. eit røyrleggjarføretak. Kopi av avtala skal sendast til Austevoll kommune.
- Ansvarleg for private avløpsanlegg større enn 50 Pe skal årleg rapportere opplysningar til kommunen innan 1.februar.
- Slamavskiljar(ane) må tømast ved behov, fortrinnsvis kvart 2.år (for bustader) eller kvar 4.år (for hytter) i samband med ordinær tøming. Tøming utanom ordinær tømefrekvens vert belasta eigar av utsleppet/avløpsanlegget.
- Dersom utslepp frå avløpsanlegg fører til upårekna forureiningsproblem kan kommunen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setje nye vilkår og om nødvendig oppheva løyvet i samsvar med § 18 i forureiningslova, jfr. §13-17 i forurensningsforskriften.
- Eventuelle merknader frå Kystverket Vest skal etterkomast.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje sett i gong seinast 3 år etter at melding er sendt kommunen, eller det vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
- Utsleppsløyve kan påklagast til fylkesmannen i Hordaland innan 4 veker frå denne melding er motteke, jfr. forvaltningslova § 28. Klagen skal vere grunngjeven og skal sendast Austevoll kommune innan fristen går ut.

Utsleppsløyve vert gjeve på dei opplysingar som følgjer av søknad motteke 11.08.09.

**096/09: GNR 33 BNR 2 ØKLAND. SØKNAD OM UTSLEPP FRÅ HYTTEFELT I  
BARMEN.**

**Vedtak:**

Planutvalet for plansaker godkjenner i medhald av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)§ 13-5, jf. forskrift om begrensning av forurensning kap.13, §§ f.o.m. 13-6 t.o.m. 13-18 søknad om utsleppsløyve motteke 14.10.09.

Utsleppsløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Løyve omfattar utslepp av sanitært avløpsvatn større enn 50 PE (personekvivalenter)
- Avløpsanlegget skal dimensjonerast og utførast slik at det svarer til bruken, dvs. i forhold til antal PE.
- Utsleppet skal reinsast via pumpeleidning til slamavskiljar tilpassa antal PE og tømefrekvens til felles utsleppsleidning avslutta i straumførande sjø på minimum 10 – 15 meter djupn under nedfjora sjø.
- Slamavskiljar(ane) må tømast ved behov, fortrinnsvis kvart 2.år (for bustader) eller kvar 4.år (for hytter) i samband med ordinær tøming. Tøming utanom ordinær tømefrekvens vert belasta eigar av utsleppet/avløpsanlegget.
- Driftsavtale for drift og vedlikehald av anlegget skal etablerast. Avtala må inngåast med kvalifisert føretak, t.d. eit røyrleggjarføretak. Kopi av avtala skal sendast til Austevoll kommune.
- Ansvarleg for private avløpsanlegg større enn 50 Pe skal årleg rapportere opplysningar til kommunen innan 1.februar.
- Dersom utslepp frå avløpsanlegg fører til upårekna forureiningsproblem kan kommunen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setje nye vilkår og om nødvendig oppheva løyvet i samsvar med § 18 i forureiningslova, jfr. §13-17 i forurensningsforskriften.
- Eventuelle merknader frå Kystverket Vest skal etterkomast.
- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje sett i gong seinast 3 år etter at melding er sendt kommunen, eller det vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
- Utsleppsløyve kan påklagast til fylkesmannen i Hordaland innan 4 veker frå denne melding er motteke, jf. forvaltningslova § 28. Klagen skal vere grunngjeven og skal sendast Austevoll kommune innan fristen går ut.

Utsleppsløyve vert gjeve på dei opplysingar som følgjer av søknad motteke 14.10.09.

### **097/09: GNR. 18 BNR. 1 M/FL FLOTHOLMEN/STANGELAND. SØKNAD OM UTVIDA BRUK AV EKSISTERANDE UTSLEPP**

Handsaming i møtet:

Edvard Johannes Stangeland og Jane Stangeland var ugild i saka.

#### **Vedtak:**

Planutvalet godkjenner i medhald av forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)§ 13-5, jf. forskrift om begrensning av forurensning kap.13, §§ f.o.m. 13-6 t.o.m. 13-18 søknad om utvida bruk av eksisterande utslepp, motteke 14.10.09.

Utviding bruk av eksisterande utsleppsløyve blir gjeve på følgjande vilkår:

- Løyve omfattar utslepp av sanitært avløpsvatn større enn 50 PE (personekvivalenter),
- Avløpsanlegget skal dimensjonerast og utførast slik at det svarer til bruken, dvs. i forhold til antal PE.

- Utsleppet skal reinsast via godkjent 23 m<sup>3</sup> felles slamavskiljar for 30 naust, før den nye utsleppsleidningen blir kopla til eksisterande utsleppsleidning, som er avslutta i straumførande sjø på minimum 10 meter djupn under nedfjæra sjø.
- Skulle det vere trong for ekstra slamtømingar utover den faste tøminga som skjer 1 gong kvart 4 år, er det anleggseigar sitt ansvar og sjølv ta direkte kontakt med slamtømebil for å avtale slike ekstra tømingar. Alle kostnader i samband med ekstra slamtømingar, blir kostnadsført på anleggseigar.
- Driftsavtale for drift og vedlikehald av anlegget skal etablerast. Avtala må inngåast med kvalifisert føretak, t.d. eit røyrleggjarføretak. Kopi av avtala skal sendast til Austevoll kommune.
- Ansvarleg for private avløpsanlegg større enn 50 Pe skal årleg rapportere opplysningar til kommunen innan 1.februar.
- Slamavskiljar(ane) må tømast ved behov, fortrinnsvis kvart 2.år (for bustader) eller kvar 4.år (for hytter) i samband med ordinær tømning. Tømning utanom ordinær tømefrekvens vert belasta eigar av utsleppet/avløpsanlegget.
- Dersom utslepp frå avløpsanlegg fører til upårekna forureiningsproblem kan kommunen oppheva eller endra vilkåra i løyvet eller setje nye vilkår og om nødvendig oppheva løyvet i samsvar med § 18 i forureiningslova, jfr. §13-17 i forureiningsforskriften.
- Eventuelle merknader frå Kystverket Vest skal etterkomast.

- Løyvet fell bort dersom arbeidet ikkje sett i gong seinast 3 år etter at melding er sendt kommunen, eller det vert innstilt i lengre tid enn 2 år.
- Utsleppsløyve kan påklagast til fylkesmannen i Hordaland innan 4 veker frå denne melding er motteke, jfr. forvaltningslova § 28. Klagen skal vere grunngjeven og skal sendast Austevoll kommune innan fristen går ut.

Utsleppsløyve vert gjeve på dei opplysingar som følgjer av søknad motteke 14.10.09.

### **098/09: GNR 62 BNR 5 VINNES KLAGE PÅ POLITISK VEDTAK PLA 071/09 DISPENSASJON FOR BRUKSENDRING FRÅ NAUST TIL NÆRINGSBYGG**

#### **Vedtak:**

Planutvalet har vurdert klage frå Laila Taraldsen motteke 20.10.09 på politisk vedtak saksnr.071/09 dat. 03.09.09

I medhald av plan og bygningslova §7 finn ikkje rådmannen at det ligg føre særlige grunner for å gje dispensasjon i denne saka og avslår derfor søknaden.

Grunngjeving for avslaget: Parsellen ligg i et LNF- område i arealdelen av kommuneplanen, LNF- område og plan og bygningslova §17.2 forbod mot bygging og frådeling i 100 metersbelte langs sjøen.

### **099/09: GNR. 60, BNR. 0006 BREKKE. OPPFØRING AV SPIKERTELT TIL CAMPINGVOGN -KLAGE**

#### **Vedtak:**

Planutvalet har vurdert klage, motteke 13.10.09, på delegert vedtak saknr. 390/09, datert 22.10.09 samt brev/orientering datert 06.10.09. Administrasjonen gjorde her vedtak om å avslå melding om tiltak – oppføring av spikertelt til campingvogn på gnr. 60, bnr. 6, Brekke. Det er ikkje kome inn nye moment i saka.

Planutvalet finn etter å ha vurdert saka å ikkje kunne ta klaga til følgje.

#### Grunngjeving:

Rådmannen grunngjev avslaget med at omsøkte tiltak ikkje er ynskjeleg i Austevoll kommune grunna estetiske årsaker, jfr. Plan-og bygningslovas §74, punkt 2.

Ei campingvogn med spikertelt er slik rådmannen ser det, landskapsmessig uheldig, og ei ikkje ynskjeleg utvikling i Austevoll kommune.

I tillegg ligg det omsøkte tiltaket i eit LNF-”nei” område i arealdelen av kommuneplanen. Omsøkte tiltak er dermed ikkje i samsvar med kommuneplanen eller plan- og bygningslova.

Rett utskrift:

Astrid Norunn Fagerbakke